Sp – nær folk

KOMMUNEVALPROGRAM 2019
SUNNFJORD SENTERPARTI

Foto: Ståle Fossheim.

sp.no

GRUNNSYN

Senterpartiet i Sunnfjord vil skape varige verdiar, og bygge gode og trygge lokalsamfunn med rettferdige og gode kommunale tenester og ein variert arbeidsmarknad, som gjev tryggleik og stabilitet for vekst i heile Sunnfjord kommune.

Intensjonsavtalen for nye Sunnfjord kommune seier at vi skal behalde primærtenester (barnehagar, skular, helsetenester og omsorgsinstitusjonar) der dei er lokalisert i dag. Dette vil SP hegne om.

Sunnfjord kommune har ei sentral plassering i nye Vestland fylke. Vi vil bygge Førde til å bli det viktigaste vekstsenteret mellom Bergen og Ålesund.

NÆRING OG STRATEGISK UTVIKLING

«Så, gjødsle, hauste»

Verda treng meir energi, vatn og mat. Noreg treng klimanøytrale næringsinntekter etter at fossile brennstoff vert fasa ut. Sunnfjord kommune kan gje verda og nasjonen vår litt av det dei treng. Vi treng ny folketalsvekst og nye arbeidsplassar i Sunnfjord kommune. Sentraliseringa av statlege arbeidsplassar og sal av lokalt eigarskap truar evna vår til vekst og utvikling i Sunnfjord kommune. Sp ynskjer ein politikk som gjev vekst og utvikling i Sunnfjord kommune.

Foto: Ståle Fossheim.

MINERALPOLITIKK

Sunnfjord kommune er rik på mineral. Mest aktuelt no er rutil- og granatførekomstar på Engebø. SP ynskjer forskings- og utviklingstiltak i samarbeid med privat næringsliv, for å gjere nytte av ressursane i Engebøfjellet. Målet er at mest mogleg næringsutvikling kring førekomsten skal skapast lokalt, samt å nytte fjellet slik at behovet for land- og fjorddeponi vert redusert til eit absolutt minimum.

OPPVEKST OG UTDANNING

Senterpartiet vil arbeide for at Sunnfjord kommune skal ha den beste skulen i landet, målt på trivsel, kvalitet og skuleresultat. Ein god og desentralisert grunnskule med høg kvalitet er ei av dei viktigaste framtidsretta investeringane vi kan gje Sunnfjord kommune.

Senterpartiet vil:

- Ha stort fokus på og innhald i barnehagen og grunnskulen.
- Ha tidleg innsats og styrkt tilrettelegging for born og elevar med særskilde behov.
- Arbeide for gode IKT-løysingar i skulen.
- Sikre prioritet for barnehageplass i skulekrinsen ein bur i.
- Styrke rådgjevingstenesta på skulane, med særleg fokus på overgangen mellom grunnskule og vidaregåande.

KULTUR, IDRETT OG IDENTITET

Sunnfjord kommune har kulturarven sin skapt gjennom kunstnarar, musikk, forfattarar og ulike kulturberarar. Fysisk aktivitet og idrett står sterkt i Sunnfjord. Vi må bygge på kulturarven vår, og skape ein ny felles identitet i Sunnfjord kommune.

Senterpartiet vil:

- Auke formidlinga av våre nasjonalt og internasjonalt akta kunstnarar, som Nikolai Astrup, Ludvig Eikaas, Kjartan Slettemark og Oddvar Torsheim, med bruk og utvikling av musea.
- Sikre medieverksemdene og Sogn og Fjordane teater ved å etablere Nynorskhuset.
- Bygge gode miljø for kreative og identitetsskapande arrangement og festivalar.
- Breiddeidretten skal vere basisen i kommunen si satsing på idrett, samstundes som det skal vere mogleg å utvikle våre eigne talent i Sunnfjord kommune.
- Satse på og vidareutvikle Førdehuset og Hafstadparken som idretts- og kulturhus og idrettsarena.

Foto: Ståle Fossheim.

KYRKJA

Senterpartiet ynskjer å støtte og oppretthalde ei open, inkluderande og romsleg folkekyrkje, og hegne om den kristne trusarven.

Kyrkjene i Sunnfjord kommune er våre viktigaste historiske bygg, og kyrkja er ein viktig del av kulturlivet i kommunen. Desse verdiane må takast vare på.

HELSE OG OMSORG

Sunnfjord kommune skal tilby innbyggarane verdige og gode helsetenester i eige lokalmiljø. Vi skal ha førebyggande helsetenester i heile kommunen gjennom sterke, lokale helsestasjonar, fysio- og ergoterapiteneste, jordmortenester og lokale legekontor med dagleg vakt og kompetent, stabil legedekning. Saman med legevaktsamarbeid på kveld og natt, sikrar dette innbyggarane i Sunnfjord kommune gode og trygge tenester. Beredskapen må òg styrkast med ei tilgjengeleg ambulanseteneste.

- Kommunen vil få ein stor auke i tal eldre fram mot 2030 og 2040. Det er viktig å legge til rette for bustadar og styrke heimehjelp og heimesjukepleie, slik at dei som ynskjer det, kan bu heime.
- Styrke barnevernet og ha eit godt og systematisk samarbeid på tvers av etatane.
- Kommunen skal arbeide aktivt og tverrfagleg for å førebygge og ha tidleg innsats innan rus og psykisk helse.
- Folkehelsearbeid skal vere gjennomgåande for alt arbeid i kommunen.

KLIMA OG MILJØ

Vi har store utfordringar med klima og miljø, både globalt og lokalt. Behovet for energi aukar, og den rike delen av verda har eit forbruksmønster som ikkje speglar at jorda har avgrensa ressursar. Vi må alle bidra til å redusere våre eigne fotavtrykk. Alle bidrag, store og små, er viktige.

- Utnytte naturressursane våre til å produsere meir rein og fornybar energi.
  Legge til rette for auka elektrifisering i alle næringar og kommunen si eiga verksemd.
- Arbeide for nullutslepp frå eigne byggeprosjekt i Sunnfjord kommune.
- Meir bruk av treverk som byggemateriale i framtidige byggeprosjekt, for å binde klimagassar.
- Redusere bruken av ikkje-fornybart materiale.
- Auke gjenvinninga av avfallet, blant anna med utsortering av våtorganisk avfall.
- Skape meir lokal næring, gjennom avfallshandtering og gjenvinning.
- Landbruket sit med mesteparten av løysingane for å binde klimagassutsleppa.
  Målet om eit nullutsleppssamfunn kan finne si løysing gjennom metanproduksjon, auke i skogvolumet og jordbinding av karbon. Samstundes må landbruket redusere klimagassutsleppa frå sin produksjon.

Foto: Ståle Fossheim.

LANDBRUK OG MATPRODUKSJON

Sunnfjord kommune vil bli ein av dei største landbruks-kommunane på Vestlandet, og den største i vårt nye fylke. Næringsmiddelindustrien er største industrien i fylket. I tillegg er landbruket hovudgrunnlaget for busetting og arbeidsplassar i den nye kommunen. SP skal arbeide for å auke produksjonen av rein og trygg mat.

- Auke nyinvesteringar i mjølk- og kjøttproduksjonen.
- Styrke arbeidet med arealfremjande tiltak som nydyrking, arrondering, drenering/jordarbeid.
- Satse på energiproduksjon gjennom vasskraftutbygging, bioenergi og metangass.
- Ein rettferdig pris- og bupliktspolitikk, med mål om å behalde lys i husa og folk i grendene.
- For å utnytte den store skogbruksressursen i Sunnfjord må både kommunalt, fylkeskommunalt og privat vegnett utbetrast og nye vegar byggast.
- Forvalting og foredling av skogressursen lokalt vil skape viktige industriarbeidsplassar.

SAMFERDSEL

Sunnfjord kommune si framtid vert styrt av gode vegar og kapasitet og regularitet på infrastrukturen. Både det nasjonale, fylkeskommunale og kommunale vegnettet må styrkast for utvikling i heile Sunnfjord kommune. Gode gang- og sykkelvegar kring alle tettstader og skulevegar er avgjerande for å auke trafikktryggleiken.

- Utvikle trafikk- og parkeringsareal i tråd med veksten i og kring Førde sentrum.
- Gjennomføre Førdepakken.
- Oppgradere kommunale vegar til 10 tonn akseltrykk for å styrke næringsgrunnlaget ute i grendene.
- Gjennomføre trafikk-, ras- og flaumsikring av alle fylkesvegar i Sunnfjord kommune.
- Rassikre Rv5 og E39.
- Ruste opp E39 gjennom Sunnfjord med gul midtstripe.
- Arbeide aktivt for eit kollektivtilbod tilpassa alle aldersgrupper, men spesielt eit tilpassa rutetilbod for ungdom og yrkespendlarar.
- Sikre dei gode tilboda «Ungdomskortet» og «Heim for ein 50-lapp».
- Utvikle og tilpasse Førde Lufthamn, Bringeland for elektrifisering av kortbanenettet, og arbeide for at strekninga Førde–Bergen kan bli pilot for el-fly.
- Motarbeide kommersialisering av flyrutene på kortbanenettet.
- Arbeide for tilpassa flytider for næringslivet både mot Bergen og Oslo.
- Arbeide for at flyruta Førde–Bergen kjem inn att på FOT-rutenettet.

Foto: Ståle Fossheim.

AREALBRUK- OG TETTSTADSUTVIKLING

Produktivt jordbruksareal er ein knapp ressurs, som vi har eit særskilt ansvar for å verne om. Mykje av den beste matjorda finn vi i eller i nærleiken av tettstadane våre, og desse areala er under sterkt press ved bygging av vegar, bustader, næring og andre føremål. SP arbeider for eit aktivt jordvern der matjorda vert teken vare på, og at omsynet til utbygging av næringsverksemd, infrastruktur og bustader vert balansert mot det langsiktige omsynet til evna å produsere mat.

- Ei god utvikling i dei eksisterande tettstadane i kommunen, der målet er levande sentrum med gode bu- og oppvekstilhøve, men òg handel og næring.
- Å legge til rette for bustadbygging i grendene med tilbod om romslege tomter tilpassa ynskje om landlege butilhøve.
- Å fortette bustadbygginga i Førde sentrum, med næring på gateplan og bustader i høgda, men òg grøne lunger i bymiljøet.
- Å bidra til å bygge sentrumsnære einebustader på mindre produktivt areal.
- Reguleringsplanar tilrettelagt for å bruke areal til felles nytte både på land og ved fjorden (badestrender, båthamner, turstiar).
- Å etablere Sunnfjord Tomteselskap som verktøy for å gjennomføre bustadbygging i heile Sunnfjord kommune.

Foto: Ståle Fossheim

Sunnfjord Senterparti

1. ORDFØRARKANDIDAT
Jenny Følling, 57 år
(Bygstad)

Eg vil arbeide for at Sunnfjord kommune skal blomstre med levande bygder, eit sterkt vekstsenter i Førde, og gode kommunale tenester til innbyggjarane.

Det må vere attraktivt å busette seg og jobbe i Sunnfjord. Senterpartiet vil legge til rette for spennande arbeidsplassar, gode skular, yrande kulturliv, gode idrettsanlegg og rikt aktivitetstilbod.

2. Oddmund Klakegg
50 år
(Klakegg)

3. Ole Johnny Stubhaug, 55 år
(Angedalen)

4. Lena Kristin Eliassen, 39 år
(Fimland)

5. Kristine Steen
28 år
(Førde)

6. Reidun Støfring,
45 år
(Langhaugane)

7. Erlend Haugen Herstad, 32 år
(Naustdal)

8. Johnny Kårstad
52 år
(Bygstad)

Kommunevallista 2019

9. Rune Hegrenes
44 år
(Angedalen)

10. Trond Per
Dvergsdal, 49 år
(Dvergsdalen)

11. Sølvi Irene
Søgnen, 42 år
(Sande)

12. Hanna Margrete
De Groot, 38 år
(Sæla)

13. Arne Helgheim
50 år
(Førde)

14. Birger O.
Nedberge, 60 år
(Førde)



15. Adelheid
Kristiansen
Breidvik, 19 år
(Førde)

16. Steinar Dvergsdal
64 år
(Dvergsdalen)

Sp _ nær folk

Sunnfjord Senterparti

Kommunevallista 2019, framhald

17	Eiliv Erdal	50 år	Naustdal
18	Atle Hoff	38 år	Viksdalen
19	Ove Erling Varlid	62 år	Erdalen
20	Natalia Fonn	31 år	Stardalen
21	Laila Britt Lien	52 år	Fimland
22	Erlend Brede Fossen	34 år	Viksdalen
23	Steffen Fjørstad	33 år	Haukedalen
24	Kjersti Regine Støfring	46 år	Eikås
25	Jim Ivar Kalland	50 år	Kalland
26	Reidun Kristiansen	40 år	Førde
27	Kari Iren Birkeland	51 år	Sande
28	Inger Jorun Årseth	45 år	Vassenden
29	Cecilie Heggelund	38 år	Horstad
30	Annbjørg Førde	52 år	Bygstad
31	Frode Gjerde	45 år	Førde
32	Arne Aarbersbotten	48 år	Sande
33	Helge Torpe	50 år	Ålhus
34	Hilmar Nils Kvame	37 år	Horstad
35	Ane Birkeland	45 år	Holsen
36	Leif Bell	67 år	Sande
37	Johannes Nedrebø	54 år	Ålhus
38	Johnny Magne Følling	65 år	Fimland
39	Norunn Astrid Ulvedal	63 år	Erdalen
40	Knut Huus	66 år	Huus
41	Martin Yndestad	28 år	Bygstad
42	Mette-Elin Standal Sæther	60 år	Vevring
43	Roger Solheim	38 år	Førde
44	Kjell-Aage Birkeland	48 år	Sande
45	Ingebjørg Perly Øien	64 år	Vassenden
46	Anne-Grete Hukset	44 år	Åsedalen
47	Silje Elise Myrmel Øren	21 år	Sande
48	Steinar Gudmund Ness	60 år	Viksdalen
49	Gudrun Herstad	74 år	Åsedalen
50	Magnar Rune Hellebust	66 år	Viksdalen
51	Vidar Heggheim	55 år	Åsedalen

Kontakt Sunnfjord Senterparti: v/Rune Hegrenes
E-post: rune.hegrenes@gmail.com • Tlf. 90 64 02 30
www. Senterpartiet.no

Sp